

Fra: Samferdselavdelinga - Postmottak (samferdsel@hfk.no)
Sendt: 18.12.2014 15:33:11
Til: Lise Ådlandsvik
Kopi:

Emne: VS: 2014/15627 Uttale til "Strategi for innfartsparkering"

Vedlegg: image001.png

Fra: Ragnhild Lønningdal [mailto:Ragnhild.Lonningdal@samnanger.kommune.no]

Sendt: 18. desember 2014 15:01

Til: Samferdselavdelinga - Postmottak

Emne: 2014/15627 Uttale til "Strategi for innfartsparkering"

Samnanger kommune har følgjande uttale til "Strategi for innfartsparkering":

Som ein pendlarkommune betyr kollektivtransport og innfartsparkering mykje for Samnanger. Meir enn 50 % av innbyggjarane pendlar ut av kommunen kvar dag, dei aller fleste til ein jobb i Bergen. Mange av desse nyttar innfartsparkeringa i Arna, for å ta toget vidare. Dersom kapasiteten i Arna blir for liten, kan det vera eit godt alternativ å etablera ei innfartsparkering på Trengereid i tillegg.

Vidare meiner me det er viktig å satsa på god kollektivdekning i distrikta, framfor å bruka veldig mykje ressursar på innfartsparkering. Dersom ein må prioritera er det viktig å gjera grundige avveingar av kva som vil gje flest kollektivreisande.

Samnanger kommune er i gong med å rullera kommuneplanens arealdel, og vurderer lokalisering av lokale innfartsparkeringsplassar gjennom denne planprosessen.

Med helsing
Ragnhild Lønningdal
Planleggjar, plan og miljø/Konstituert teknisk sjef
56 58 74 44 / 56 58 74 00

Denne epost har blitt kontrollert for virus av [Comendo Norge AS](#)
This e-mail has been scanned for viruses by [Comendo Norge AS](#)
